

## MYSTERIE-STRIKK «BOBLESTRIKK» MAI 2020



Du treng om lag 250 g garn i 4 fargar, gjerne ca. 75 g svart (A), ca. 75 g raudt (B), 50 g ecru eller offwhite (C) og ca. 50 g av ein sjølvvald farge, til dømes oransje eller gul (D). Oppskrifta her er laga til Norsk Trikotasjemuseum sitt garn «Museumstvinngarn», som ca. 300 m pr 100 g, glattstrikk 10 cm = 21–22 m. Dette er ei oppskrift utan eksakt storleik, så om garn og pinnar ikkje er heilt etter «skjema», er det også ok, men det kan løne seg å lage ei strikkeprøve.

Du kan også bruke restegarn i ulike fargar + svart om du ønskjer det, uansett gjev det størst verknad å bruke ein heilt mørk og ein heilt lys farge – som her svart og ecru.

I tillegg treng du:

Settpinnar str. 3,5 20 cm og rundpinne str. 3,5 i lengde 40 cm og 70 eller 80 cm.

4 maskemarkørar

Heklenål ca. str. 3.0

Mysteriestrikket kjem i 4 delar, og fyrste del kjem 1.mai.

Oppskrifta er utvikla av: Siri Angela Gamborg v/Norsk Trikotasjemuseum